


Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson,  
Larisa Itina, Svetlana Kormishina

Natasha Blank, Kjersti Melhus, Gerd Inger Moe

# MATEMATIKK

Nynorsk



BARENTSFORLAG



Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson,  
Larisa Itina, Svetlana Kormishina

Natasha Blank, Kjersti Melhus, Gerd Inger Moe

# MATEMATIKK

..... **1A**

**Grunnbok**

Nynorsk



BARENTSFORLAG

Matematikk Grunnbok 1A er ein del av læreverket Matematikk 1- 4.  
Læreverket dekkjer kompetansemåla for matematikk 1.-4. steg i læreplanen av 2013.

© Barentsforlag, 2017

1. utgåve, 2017

© FEDOROV Publishing House

Iren Arginskaya, Evgeniya Benenson, Larisa Itina, Svetlana Kormishina.

Matematikk 1 er eit russisk læreverk som er omsett og omarbeidd av Natasha Blank og Kjersti Melhus, Universitetet i Stavanger og Gerd Inger Moe, Smeaheia skole. Omsett til nynorsk ved Randi Klingsheim Bø, Universitetet i Stavanger.

Illustratør: Natalia Fomina

Trykkeri: Neografia, Slovakia

ISBN 978-82-92562-55-0

Materialet i denne boka er omfatta Lov om opphavsrett til åndsverk.  
I følge Lov om opphavsrett til åndsverk er det ikkje tillate å kopiere eller mangfaldiggjere denne boka eller delar av ho utan skriftleg tillating frå dei som innehar copyright. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndraging, og kan straffast med bøter eller fengsel.

Vi gjer merksam på at i denne boka er ordet antal brukt, sjølv om det er eit ord som ikkje er tillate i nynorsk rettskriving. Vi har valt å bruka det for å få fram skilnaden på tal generelt og kardinaltal.

Har du spørsmål i samband med utgjeving av læreverket, ta kontakt med:

Barentsforlag

Fr. Nansensgt. 11

9900 Kirkenes

[www.barentsforlag.com](http://www.barentsforlag.com)

E-post: [post@barentsforlag.com](mailto:post@barentsforlag.com)



## INNHALD

Kvifor treng vi matematikk?.....	6
Å samanlikne gjenstandar .....	8
Fleire/flest – færre/færrast – like mange	
Mest – minst – like mykje .....	14
Korleis menneske lærte å skrive tal .....	22
Tal og siffer.....	24
Følgja av dei naturlege tala .....	68
Addisjon og subtraksjon.....	82

# TEIKNFORKLARINGAR



Hovudmål for timen – nytt stoff




Repetisjonsoppgåve eller frittstående oppgåve



Stoff som du etter kvart skal hugsa



Diskusjonsoppgåver



Gjer denne oppgåva i ei arbeidsbok med ruter



Bruk blyant med denne fargen



Utviding av oppgåve



## **Kjære førsteklasing!**



Vi ønsker å invitere deg med på ei reise inn i den fantastiske matematikkverda. Reisa vil bli spennande, og du vil lære mykje på vegen.

Ta med deg fantasi, kreativitet og hald ut – det vil du trenge for å kome fram.

Vi ønsker deg mange positive opplevingar og inntrykk – god tur!



# KVIFOR TRENG

Sjå på bileta på side 6 og 7. Kvar treng vi matematikk i dagleglivet?





## VI MATEMATIKK?




Matematikk hjelper oss når vi skal handle, melde været, bygge hus, rekne ut avstanden til stjerner, osv.

Matematikk er til hjelp når vi skal lage kompliserte maskinar som pc, bilar og rakettar.

Kva tid har **du** bruk for matematikk?

# Å SAMANLIKNE GJENSTANDAR

- 1 Kva for eit tre har **mange** kirsebær – det til høgre eller det til venstre? Kva for eit tre har få kirsebær?



- Kvar står den store, og kvar står den vesle korga? Korleis kan vi plukke kirsebær i desse korgene? Gje råd.
- Kva anna kan vi samanlikne på bileta? Bruk orda **mange** og **få**.




- 2 Kva slag kosedyr er teikna til venstre? Til høgre?




Kor mange kosedyr ser du?

- Kva for eit kosedyr har mange blå striper? Kva for eit har få?

- 3 Fortset mønsteret med blå strekar.  
Korleis kan du få det til?



- 4 Kva for ei hylle er det få ballar på, og kva for ei hylle er det mange ballar på?



Kva er likt for ballane på den øvste hylla?

Kva er ulikt for ballane på den øvste hylla?

- Kor mange ballar er det på den øvste hylla?  
Kor mange av ballane er til høgre for kaninen?  
Kor mange er til venstre for kaninen?
- Kva er likt både for ballane på den øvste og den nedste hylla?  
Kva er ulikt?

5


Kvar er hunden? Kvar er katten? Kven er mellom hunden og katten? Kven er i midten?



- Kven er mellom katten og musa?
- Kven er mellom katten og ekornet?
- Kven er ved sida av ekornet?
- Kven er lengst til venstre? Kven er lengst til høgre?
- Kor mange dyr er det på biletet?

6

Fortset mønsteret.



7

Kva er forskjellane mellom desse bileta?



8

Sjå på biletet. Det består av linjer og punkt.





Kva farge har **linjene**?

Kva farge har **punkta**?



- Kor mange linjer er det?
- Kvar er det mange punkt, og kvar er det få punkt?

9

Kva skil blomane frå kvarandre? Kva er likt på blomane?





Kva for ein blom frå den nedste rada passar best til blomane i den øvste?




- Kor mange blomar er det på den nedste rada?
- Kor mange blomar er det til saman?

10

Kva for ei sandkasse er det mykje sand i? Merk med ✓.  
Kva for ei sandkasse er det lite sand i? Merk med ✗.



Sjå på biletet under – Kvar er det mykje sand? Merk med ✓.  
Kvar er det lite? Merk med ✗.



Samanlikn sandkassane til høgre på dei to bileta.

11

Lag ei forteljing som passar til bileta.




Kva ser du på bileta som kan ha med matematikk å gjere?

Kor mange fuglar ser du på det store biletet?  
Kor mange hus ser du? Kor mange kyr ser du?



- Kvar på biletet er det få tre, og kvar er det mange tre?
- Kva slag dyr er oppe i lufta, og kva slag dyr er nede på bakken?



- Dei små bileta ovanfor skal plasserast i det store biletet.  
Vis med  kvar du vil plassere dei. Bruk **orda** oppe og **nede** for å forklare.
- Kor mange fuglar er det på biletet nå?
- Kva for andre ting kan vi plassere oppe og nede på biletet?  
Kom med forslag.

# FLEIRE/FLEST – FÆRRE/FÆRRAST – LIKE MANGE MEST – MINST – LIKE MYKJE


13 Kva er det **flest** av – gutar eller jenter? Finn svaret utan å telje.



Kva hjelpte deg å finne svaret?

- Kven må sitje på den tome plassen for at det skal bli **like mange** gutar som jenter?

14 Fortset mønsteret.





15


Kva er det **færrast** av – hestar eller ryttrarar? Finn svaret utan å telje. Er det nok hestar til alle ryttrarane?



I modellane under bruker vi desse symbola:




Kva for ein modell passar til biletet? Strek under.



- Teikn ein modell som passar til biletet i oppgåve 13 på førre side.


16 Fortset mønsteret.



17 Lag ei forteljing som passar til bileta.




- Kva for ein hund var den første som kom fram til kjøtbeinet? Kva for ein var den andre? Kva for ein hund fekk beinet til slutt?
- Teikn ein modell som passar til forteljinga. Bruk desse symbola:



Kva må gjerast for at kvar hund skal få eit bein? Kom med forslag og fullfør modellen din.


18

Kva for eit bilete passar ikkje saman med dei andre?



Kor mange svar fann du?

19



Samanlikn antalet firfirsler i kaktusane og antalet firfirsler på bakken. Bruk omgrepa **fleire enn**, **færre enn** og **like mange**.


Samanlikn antalet firfirsler som klatrar opp med antalet firfirsler som klatrar ned.

Samanlikn antalet firfirsler som spring mot høgre, med antalet firfirsler som spring mot venstre.

Kor mange firfirsler er det på biletet?

20

Fortset mønsteret med sirklar og kvadrat.




Samanlikn antalet dvergar og antalet hattar.




Kor mange dvergar er det? Kor mange hattar er det?

- Kven bør få kva for ein hatt dersom vi vil at dvergane skal sjå like høge ut?
- Dvergen til venstre fekk 8 ballongar. Dvergen til høgre fekk like mange. Kor mange ballongar fekk dvergen til høgre?
- Kven står lengst til høgre, dvergen med kvitt skjegg eller dvergen med raudt skjegg?

Teikn av og fortset borda.



Lag di eiga borda.



23

Kva er det flest av – dokker eller andre leiker?



Kor mange dokker er det på biletet? Kor mange andre leiker er det? Kor mange leiker er det til saman?

Kva er likt på dokkene? Kva er ulikt?



Kva for ei dokke på det nedste biletet passar med dokkene på det øvste? Teikn ring rundt.




24

Kva slag farge er det på linja?

Kva slag farge er det på punkta?


Punkt A ligg **på linja**. Kva kan du seie om punkt O? Kva kan du seie om punkt K?



- Samanlikn antalet punkt som er **på linja** med antalet punkt som er **utanfor linja**.

25

Kva er likt med hundane på biletet? Kva er ulikt? Er nokre av hundane likt teikna? Kva med fuglane?



- Lag ein modell av antalet fuglar og antalet hundar på biletet. Bruk desse symbola:



- Samanlikn antalet hundar og antalet fuglar. Kva er det færrest av? Kor mange færre?
- Kor mange dyr er det til saman?

26


Svar på spørsmåla og forklar kvifor du svarer slik:



- Er det flest tigrar eller flest dyr i jungelen?
- Kva er det færrest av på biblioteket – matematikkbøker eller bøker?
- Er det flest dager i ein månad eller i eit år?
- Kva er det flest av i ein botanisk hage – roser eller blomar?
- Kvar er det færrest dyr – i ein dyrepark eller i eit fjøs? I skogen eller i dyreparken?
- Kvar er det mest vatn – i havet eller i ein innsjø?

27


Kvar ser mannen på biletet flest tre – til venstre for seg eller til høgre for seg?



- Kor mange hus ser mannen til venstre for seg?  
Kor mange hus ser han til høgre for seg?  
Kor mange hus er det til saman på biletet?

28


Kor mange linjer er det på figuren?  
Kor mange av punkta ligg på linjene?  
Kor mange av punkta ligg utanfor linjene?



- Samanlikn antalet punkt som ligg på linjene med antalet punkt som ligg utanfor linjene.

# KORLEIS MENNESKE

Studer bileta på desse to sidene. Slike symbol brukte ulike menneske før i tida.





8 3 1 5 2



# LÆRTE Å SKRIVE TAL

Har du sett symbola nedst på sidene før? Slike symbol brukar vi i dag. Vi kallar dei **siffer**.



6 0 7 9 4

# TAL OG SIFFER

29

Kva er det flest av – barn eller hundar? Kor mange fleire?  
Forklar kvifor.



Kor mange barn er det på biletet? Det er fem barn.  
Fem er eit **tal**.

Kor mange hundar er det på biletet? Det er seks hundar.  
Seks er eit tal.

**Tal** blir skrivne ved hjelp av siffer.

**Siffer** er symbol som vi brukar for å skrive tal.

Kor mange av hundane manglar hundeband?

Vi skriv talet **ein** med sifferet **1**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:



Skriv 1-tal som vist i den første ruta.

--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--


Strek under dei siffera du synest blei finast.

- 30 Sjå på kvart av dei tre para med behaldarar: Kvar er det mest saft? Strek under.




- I kva for ein av dei seks behaldarane er det mest saft? Merk av ✓.
- I kva for ein er det minst saft? Merk av ✗.

- 31 Kva finst det berre ein av? Kva ser du på bileta?  
Kva anna finst det berre ein av?




- Kor mange bilete er det til høgre for 1-talet?  
Kor mange bilete er det til venstre for 1-talet?  
Kor mange bilete er det til saman?

32 Fortset mønsteret av trekantar og kvadrat.



- Teikn eit mønster av trekantar og sirklar slik at det blir færre trekantar enn sirklar.




33 Korleis er bilane på biletet plasserte?



Korleis kan bilane frå den nedste rada plasserast i den øvste rada på ein slik måte at mønsteret der ikkje blir endra? Vis med piler.




34 Skriv sifferet 1 fem gonger i den øvste rada.




- Teikn ein trekant under kvart 1-tal. Kor mange trekantar fekk du?

35 Del linjene inn i to grupper. Kor mange linjer har du i den første gruppa? Kor mange har du i den andre?




Sjå på linjene nedanfor. I matematikken kallar vi desse **rette linjer**.




Rette linjer kan forlengast så langt du vil i begge retningar.

Vi brukar linjal for å teikne rette linjer.



Teikn nokre rette linjer.




36 Løys gåta:


Eg er noko du har på kroppen.  
Du har berre ein av meg.  
Eg er god til å lukte. Kva er eg?

Teikn løysinga.

37 Kva slag farge er det på linja? Fortset mønsteret.



38 Kva slag farge er det på dei rette linjene? Kva kan vi kalle dei andre?



I matematikken kallar vi dei blå linjene **krumme linjer**.

Kor mange fleire krumme enn rette linjer er det?

- Teikn ei krum linje.



- 41 Ein hund og ein katt teikna nokre linjer. Hunden teikna ikkje rette linjer. Vis med strek kven som teikna kva. Kva kallar vi linjene på hunden si teikning? Kva kallar vi linjene på katten si teikning?



- Kor mange linjer er det på hunden si teikning og kor mange er det på katten si?


Kven har færrest linjer på teikninga si? Kor mange færre har han/ho?

- 42 Teikn 4 raude ballongar. Teikn like mange gule ballongar under dei raude.

Skriv med tal kor mange gule ballongar det er.

Teikn grøne ballongar slik at det blir ein meir enn antalet raude ballongar.

Teikn blå ballongar slik at det blir ein mindre enn antalet raude ballongar.




- 43 Sjå på talfølgja nedanfor. Les tala høgt.

1 2 3 4 5

Kva for eit tal står først? Kva for ein plass står 4 på? Kva for nokre tal står mellom tala 1 og 4?



44 Fortset mønsteret.





45 Kva for eit eventyr passar bileta til? Kjem bileta i rett rekkefølge? Kva for ei rekkefølge bør dei kome i? Vis med  $\curvearrowright$ .



46 Kor mange rette linjer går gjennom punktet?

Kor mange krumme linjer går gjennom punktet?




- Teikn eit punkt, og teikn to krumme og ei rett linje som går gjennom punktet.

47

Teikn to punkt, og teikn forskjellige linjer som går gjennom dei to punkta. Teikn to punkt til. Bind saman punkta på ulike måtar. Kva er forskjellen mellom teikningane dine?



Teikn to punkt til og bind saman dei to punkta ved hjelp av linjal – sjå på bileta:



Du har fått eit **linjestykke**.

Teikn 4 linjestykke.

- Kor mange linjestykke kan vi teikne mellom to punkt?
- Kor mange rette linjer kan vi teikne gjennom to punkt?


48

Kva for ei hand held apekatten bananane i? Kva for ei hand held speglbiletet bananane i?



- Kor mange bananar held apekatten?

Kor mange tigrar er det på biletet? Kor mange bjørnar?



Løys gåta:

Kva har seks bein om natta og fire bein om dagen?

Kva for tal snakkar vi om i gåta?

Vi skriv talet **seks** med sifferet **6**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:

6

Skriv 6-tal.





Strek under dei siffera du synest blei finast.


Finn eit system og fullfør mønsteret.

Kva er felles for radene?

Kva er forskjellig?



- 51 Du skal gjere ferdig biletet. Kvar vil du plassere blomane, katten og taklampa? Vis med .



- Kor mange stolar er det på biletet?   
Kor mange bord er det?   
Kor mange lyspærer er det i taklampa?   
Kor mange skuffer har dei to skapa til saman?   
Kor mange bilete heng på venstre vegg?
- Fortel:  
Kor mange tulipanar er det i vasen?  
Kor mange skap er det på biletet?  
Kor mange handtak har kvart av skapa?

Kor mange nøter har grisen? Kor mange gulrøter har eselet?



Eselet har **like mange (same antal)** gulrøter som grisen har nøter. Dette kan vi skrive slik:  $4 = 4$

Dette kallar vi ein **likskap**.

$=$

kallar vi **likskapsteikn**.

Vi les likskapen ovanfor slik: **Fire er lik fire.**

- Kor mange griser er det på biletet?

Kor mange esel?

- Er det rett å seie at det er like mange griser som esel?

Dersom det stemmer, skriv det ved å bruke likskapsteikn. Les likskapen.


  

- To nøter til fell frå treet. Kor mange har grisen då?


Eselet plukkar to gulrøter til. Kor mange har det då?

Skriv ned den nye likskapen og les han.


53 Fortset mønsteret.



54 Finn sammenhengen mellom fruktene og dominobrikkene.




Teikn ei dominobrikke som passar til desse fruktene:



Bruk desse symbola:



og teikn ei rad som passar til dominobrikka:



● Sett ✓ til venstre for rada der antalet epler er lik antalet pærer.

Skriv ein likskap som passar til rada.




55 Les opp tala:

1 2 3 4 5 6 7

Kva for eit tal står rett før 6? Kva for nokre tal står talet 6 mellom?

56

Kva for eit bilete høyrer ikkje saman med dei andre?

Teikn rundt .

Kva er felles for dei andre bileta?

Kor mange gjenstandar er det på kvart av desse bileta?

Vi skriv talet **ni** med sifferet **9**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:

9


Skriv 9-tal.



Strek under dei siffera du synest blei finast.

57


Teikn eit mønster som har like mange raude og grøne sirklar som det øvste mønsteret har raude og grøne trekantar.



- Fargelegg den **niande** trekanten frå venstre, og den **niande** trekanten frå høgre.

58


Samanlikn figurane. På kva for ein figur går linjene gjennom punkta og på kva for ein figur bind linjene punkta saman?



Kva kallar vi kvar av linjene på den venstre figuren? Kva kallar vi kvar av linjene på figuren til høgre?

59

Les tala ved å gå opp trappa.



Kva for eit tal står på det **første** trappetrinnet?

Kva for eit tal står på det **tredje** trappetrinnet?

Kva for eit trappetrinn står talet 6 på?

Kva for eit trappetrinn står talet 9 på?

Kva for eit tal står eit trappetrinn høgare enn talet 6?

Kva for eit tal står eit trappetrinn lågare enn talet 9?







Blir det nok gulrøter dersom kaninane tar ei kvar? Kor mange kaninar er det? Kor mange gulrøter? Er det flest kaninar eller flest gulrøter?



Kva for ein modell passar til biletet? Strek under.



Kor mange fleire gulrøter er det enn kaninar?

Grunngje svaret. Kva for eit tal er størst: 6 eller 9?

Er desse likskapane rette:  $6 = 9$  og  $9 = 6$ ? Grunngje svaret.

I matematikken brukar vi spesielle symbol for å seie om eit tal er større eller mindre enn eit anna:

Teiknet  $>$  betyr **større enn**

Teiknet  $<$  betyr **mindre enn**

Vi brukar teikna slik:

$$9 > 6 \quad 6 < 9$$

Dette vert kalla ulikskapar. Vi les dei slik: **ni er større enn seks**  
**seks er mindre enn ni**

Lag ulikskapar der du brukar tala 1, 4, 6 og 9.

--	--	--

--	--	--

--	--	--

--	--	--

--	--	--

--	--	--

--	--	--

--	--	--

Teikna  $>$ ,  $<$  og  $=$  vert kalla **relasjonsteikn**.

- Set inn passende tal eller relasjonsteikn:


$$6 > \square \quad \square = \square \quad 1 \square 6 \quad \square < 4$$

Les opp likskapane og ulikskapane du fekk.

- Skriv ned nokre ulikskapar med andre tal.

--	--	--	--

- 64 Kvar er det færrest sirklar – over eller under den rette linja?



Kor mange sirklar er det over den rette linja?

Kor mange sirklar er det under den rette linja?

Samanlikn dei to tala, og skriv ned ein ulikskap.

- 65 Skriv sifferet 6 seks gonger.  
Skriv sifferet 9 ni gonger.




66 Les likskapen  $9 = 9$ . Skriv ned ein likskap til.

--	--	--

67 Samanlikn antalet kirsebær:

- på den venstre greina og på greina i midten:
- på greina i midten og på den høgre greina:

--	--	--

--	--	--

Skriv likskapar eller ulikskapar i rutene.



Samanlikn antalet blad:


- på greina til venstre og på greina i midten:
- på greina til venstre og på greina til høgre:

--	--	--


--	--	--

Skriv likskapar eller ulikskapar i rutene.

68 Fortset borda.



- Teikn ei eiga borda.



69

Teikn plommer slik at det blir ei mindre enn antalet bringebær.  
Skriv kor mange plommer det er under teikninga di.

Teikn grønne druer slik at det blir ei meir enn antalet bringebær.  
Skriv kor mange druer det er under teikninga.



Kor mange bringebær er det på teikninga?

Vi skriv talet **fem** med sifferet **5**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:

5

Skriv 5-tal.

5	5	5	5																
---	---	---	---	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Strek under dei siffera du synest blei finast.

70

Finn mønsteret og skriv dei 3 neste tala:


1

2

3

71

Fargelegg kvadrata i dei tre mønstera blå og sirklane gule.



Kor mange blå figurar blei det i det første mønsteret?

Kor mange i det andre? Kor mange i det tredje?

Korleis endrar antalet gule figurar seg frå mønster til mønster?

- Tenk etter korleis det neste mønsteret kan sjå ut.

Kor mange figurar må det vere til saman i mønsteret?

Kor mange sirklar? Kor mange kvadrat?

Teikn mønsteret til høgre for mønstera over, og fargelegg det.

72

Teikn 4 linjestykke med grøn blyant, og teikn rette linjer med raud blyant, slik at det blir ei meir enn antalet linjestykke.



Skriv ned kor mange rette linjer det blei på teikninga di.

73

Tel kor mange blomar det er i den øvste rada og kor mange det er i den nedste rada. Skriv to ulikskapar.





- 74 Thomas og Hassan samlar frimerke. Den eine har 9 frimerke, og den andre har 5. Hassan har færre frimerke enn Thomas. Kor mange frimerke har Hassan, og kor mange frimerke har Thomas?

Hassan:  Thomas:

Bruk tala og lag ulikskapen som er slik at antalet frimerke som Thomas har, står på venstre side.

- 75 Kva er felles for linjene? Kva er forskjellig? Kva for nokre av desse linjene kan du namnet på?



Denne linja kallar vi ein **stråle**:



Set eit merke ✓ ved ein stråle på det øvste biletet.

- Forklar forskjellen mellom ein stråle og ei rett linje. Kva er forskjellen mellom ein stråle og eit linjestykke?

- 76 Del knappane i grupper.


Kor mange knappar er det i kvar gruppe?



- Kva for ein knapp må vi leggje til for at det skal bli like mange knappar i kvar gruppe?

- 77 Samanlikn antalet kattar og mus på biletet. Skriv ein ulikskap der du lar det første talet stå for antalet mus.

--	--	--



- På kva for ei side av gjerdet er det flest mus? Skriv ein ulikskap som er slik at det første talet står for antalet mus på den venstre sida av gjerdet.

--	--	--

- 78 Set ring rundt likskapen:

$5 < 9$

$5 = 5$

$5 > 4$

- Lag ein modell som passar til likskapen, der du brukar figurane  $\triangle$  og  $\square$ .
- Vel ein av ulikskapane og lag ein modell som passar til ulikskapen.


--

--



79

Teikn like mange gule sirklar som det finst kvite blomar i korga. Teikn like mange blå sirklar som det finst blå blomar.



Kor mange gule sirklar har du teikna? Kor mange blå? Kor mange sirklar teikna du til saman?

Kva for nokre av desse tre tala har du allereie øvd på å skrive?

Skriv kvart av dei tre gonger.

--	--	--

--	--	--

Kor mange prestekragar er det i korga? Har du tre gule sirklar på teikninga di?

Talet **tre** blir skrive med sifferet **3**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:

3


Skriv 3-tal.



Strek under dei siffera du synest blei finast.

80

Fortset mønsteret av trekantar og sirklar.





83

Emilie teikna 5 linjer – nokre var strålar, andre var linjestykke. Det var færre linjestykke enn strålar.




Lag ei teikning som passar til det som står ovanfor. Finn to løysingar – teikn den første med raudt og den andre med blått.

84

Kor mange linjer er det teikna nedanfor?

Del linjene i tre grupper. Set ring rundt tala til linjer i same gruppe med same farge. Kor mange linjer har du i kvar gruppe? Set namn på dei linjene du kan.



- Kva for eit namn passar til dei nye linjene?
- Teikn ei linje til for kvar av dei tre gruppene.

85

Løys gåta og set ring rundt svaret:

Vi er tre brør –  
ein går først og to følgjer etter.  
Vi går rundt og rundt,  
men møtest aldri. Kven er vi?



86

Kva er felles og kva er forskjellig på gyngehestane?



Kva for ein av hestane nedanfor passar inn etter den grønne hesten til høgre ovanfor? Set ring rundt talet til hesten.



1

2


3

4

- Samanlikn antalet hestar i den øvste og nedste rada.  
Skriv ein likskap eller ulikskap.

--	--	--

Fortel om det du ser på biletet.



Korleis kan vi plassere bura slik at kvart bur har fleire fuglar enn det førre? Kva for eit bur må plasserast først? Set ring rundt talet til buret.

Talet **to** blir skrive med sifferet **2**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:

2

Skriv 2-tal.



Strek under dei siffera du synest blei finast.

- Skriv nummera på bura i ei slik rekkefølge at neste bur har færre fuglar enn det førre.

--	--	--	--	--




91 Fyll inn tala som manglar.

1        3    4        6

- Kva for eit tal er det neste?
- Kva for eit tal er størst, 3 eller 4? Kva for eit er minst, 5 eller 6?
- Kva for eit tal kjem rett før 2? Kva for eit kjem rett etter 2?
- Kva for nokre tal i talfølgja over er større enn 2? Kva for eit tal er mindre enn 2?

92 Nedanfor ser du **knekte** linjer.

**Knekte linjer består av linjestykke.**



Linjestykka som ei knekt linje er sett saman av, kallar vi **ledd**.

- Kor mange ledd har kvar av dei knekte linjene over?
- Teikn ei knekt linje som har tre ledd.

Fortel om det du ser på biletet.



Teikn tre rader med figurar:

- På den første teiknar du like mange sirklar som det er sommarfuglar på biletet.
- På den andre like mange kvadrat som det er augestikkarar.
- På den tredje like mange trekantar som det er biller.

Skriv til høgre for sirklane kor mange sommarfuglar det er på biletet, og skriv til høgre for kvadrata kor mange augestikkarar det er på biletet.

Kor mange biller er det på biletet? Kan du skrive dette talet?

Talet **sju** blir skrive med sifferet **7**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:


7



Skriv 7-tal, og strek under dei siffera du synest blei finast.



Teikn biller slik at det blir 7 til saman:



Fargelegg nokre biller raude og dei andre blå. Kor mange er det av kvar farge?


Raude:  Blå:

Samanlikn ulike løysingar – kor mange variantar fekk de til saman i klassen? Trur de det finst fleire løysingar?


94

Du likar kanskje å pusle. I matematikk finst det fleire interessante og spennande puslespel. I dag blir du kjent med eitt av desse. Det vert kalla **triomino**.

Triomino-puslespelet har berre to brikker. Kvar av brikkene er sett saman av tre like kvadrat. Du ser dei til høgre. Del kvar av brikkene i tre kvadrat.




Kvar av figurane nedanfor er laga av dei to triomino-brikkene.



Del figurane inn i triomino-brikker, og fargelegg kvar av brikkene med rett farge.

95

Fortset mønsteret av kvadrat.



- Lag eit eige mønster av kvadrat i arbeidsboka di.

96

Først datt Daniel,  
etterpå datt Bente,  
så datt Marius,  
etterpå datt Muhammed  
og til slutt datt Anne.  
Kor mange datt



Samanlikn:

- antalet gutar og jenter
- antalet gonger bokstaven «e» finst i jentenamna.

Skriv likskapar eller ulikskapar.

--	--	--	--	--	--

97

Samanlikn tala – set inn relasjonsteikn (&lt; = &gt;):

6  4

2  2

5  6

3  5

5  5

4  5


4  2

4  4

6  3

Vel ut ein likskap, ein ulikskap med < og ein ulikskap med >.  
Forklar kvifor dei er rette ved å teikne modellar.


98 Teikn av trekanten, kvadratet og sirkelen.



Fargelegg to av figurane raude og ein blå. Kor mange ulike løysingar kan du lage?

Samanlikn løysingane dine med andre sine løysingar.


99 Kor mange ledd har denne knekte linja?



Punkta  $A$ ,  $K$ ,  $M$ ,  $O$  og  $T$  blir kalla **toppunkt**.

Kva bind saman eit toppunkt med eit anna toppunkt?

100 Teikn ei rett linje. Teikn åtte blå og eitt svart punkt på linja.



Kor mange punkt er teikna på linja?

101

Samanlikn antalet sopp som står på venstre side av den største soppen med antalet sopp til høgre. Skriv ned ein likskap eller ein ulikskap.



--	--	--

102

Kva for eit bilete passar ikkje inn? Kor mange løysingar finn du?



103

Teikn ei knekt linje med 5 ledd. Set namn på toppunkta ved å bruke bokstavane *A, E, K, M, N* og *T* i kva for ei rekkefølge du ønskjer.

Merk av med raudt dei toppunkta der to ledd møtest. Dei andre toppunkta merkar du med grønt.

104

Svar på spørsmåla og grunngje svaret:


Er det færrest frukter eller eple?

Er det flest appelsinar eller frukter?

- Teikn 4 appelsinar og 5 eple. Kva for ei frukt er det flest av? Kor mange fleire er det?

105


Kva for siffer ser du på biletet nedanfor? Skriv kvart siffer to gonger.



106

Mora til Kari har tre barn. Ei heiter Lise og ein heiter Pål.  
Kva heiter det tredje barnet?

107

Finn nummeret på delen som manglar. 

108

Set inn relasjonsteikn (&lt; = &gt;) slik at det stemmer:

3  2

5  5



7  9

6  4

7  7

- Lag modellar til kvar likskap og til to av ulikskapane.


Kva kallar vi desse linjene?



Kor mange toppunkt og ledd har den knekte linja? Lag ein likskap eller ein ulikskap med desse tala, der du startar med antalet toppunkt.


--	--	--

Kor mange lønneblad ser du på teikninga?



Talet **åtte** blir skrive med sifferet **8**.

Med handskrift skriv vi sifferet slik:



Skriv 8-tal.

8	8	8	8																
---	---	---	---	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

Strek under dei siffera du synest blei finast.

111


Kva er felles på dei tre bileta til venstre?



Lag ei teikning som passar inn.

112

Kor mange rette linjer og kor mange strålar er det på kvar figur?



Finst det linjestykke på figurane?


- Teikn 3 linjestykke og 2 strålar.





116

Kvart trappetrinn har sitt tal. Les tala nedanfrå og opp – også dei som manglar.



- Kva for eit tal står på det øvste trappetrinnet? Kva for eit tal står på trappetrinnet rett nedanfor?
- Kva for eit tal kjem rett etter talet 6? Kva for eit tal kjem rett før?

117


Teikn 8 sirklar. Plasser sirklane i to rader slik at det blir like mange i den øvste og i den nedste rada.

Skriv likskapen som passar til teikninga.

--	--	--

118



Teikn rundt biletet som ikkje passar inn. Kva er likt for dei andre bileta?



Lag di eiga teikning som passar til dei tre.

119

Kva for eit nummer er det på lappen som katten har rive ut?



Kor mange ting er det på kvart bilete? Skriv tala.








Korleis fann du ut kor mange ting det var på bileta?


Tal som vi får når vi tel noko kallar vi **naturlege tal**.

Nemn eksempel på naturlege tal.

Sjå på teikninga som Kari har laga. Kva for typar linjer har ho brukt? Lag ein ulikskap eller ein likskap som passar til teikninga.



Lag di eiga teikning der du brukar rette, krumme og knekte linjer.



123

Kor mange jenter står i køen? Kor mange gutar? Kor mange barn er det til saman? Kor mange vaksne? Kor mange leiker er det? 

Kva for nokre av dei naturlege tala som vi har øvd på, manglar blant tala du skreiv? Skriv dei ned.

Kven er femtemann i køen? Kven er andremann? Kven er det åttande barnet?

# FØLGJA AV DEI NATURLEGE TALA


124

Kor mange blyantar er det av kvar farge i øskja?

Strek under antalet raude blyanter.


Pelle legg nokre blå blyantar i øskja. Etterpå er det færre blå blyantar enn raude i øskja. Kor mange blå blyantar kan Pelle ha lagt i øskja?

Skriv alle moglege svar.


125

Kva er likt på sommarfuglane? Kva er ulikt?




126

Finn mønsteret og teikn dei tre neste figurane.




127

La oss leike meir med triomino-puslespel. Vis korleis figurane under kan lagast av triomino-brikker.



Lag ein annan figur som består av dei to triomino-brikkene. Teikn figuren og vis korleis han kan delast inn i triomino-brikker.



128

I kva for ei hand held kunstløparen blomane? I kva for ei hand held hockeyspelaren kølla?



På kva for ei side av fotballspelaren ligg ballen?

Kven står på kunstløparen si høgre side?

Kven står på hockeyspelaren si høgre side?

Set inn tal slik at du får riktige likskapar og ulikskapar.

$\square > \square$

$\square > \square$

$\square < \square$

$\square = \square$

$\square = \square$


$\square < \square$

Kor mange bær er det på kvar grein? Skriv tala i rutene.










Skriv tala i stigande rekkefølge.

Strek under to tal som kjem etter kvarandre i denne rekkefølga.  
Kor mykje større er det neste talet enn det førre?

**Det er \_\_\_ større.**

- Skriv dei same tala i minkande rekkefølge.

- Samanlikn to tal som kjem etter kvarandre i denne rekkefølga.  
Kva for eit av dei to tala er størst? Kor mykje større er det?

**Det er \_\_\_ større.**



Er barna sortert etter høgda?




Korleis må barna stille opp dersom dei skal vere sortert etter høgda? Skriv ned nummera.

Sorter barna på ein annan måte. Skriv ned nummera.

Kva for eit bilete høyrer ikkje saman med dei andre?



Kor mange løysingar fann du?

133

Løys gåta og set ring rundt svaret:

Du finn meg ikkje på jorda,  
men på himmelen.

Eg står opp når du står opp.

Kven er eg?




134


**Tetromino** er eit matematisk puslespel. Det består av 5 ulike brikker der kvar brikke er sett saman av fire like kvadrat.

På biletet ser du tre av brikkene.


Vis korleis kvar av brikkene kan delast inn i fire like kvadrat.



Kva for to tetromino-brikker manglar? Teikn dei og fargelegg med andre fargar.



Er husa plasserte etter eit system?



Husa står i **stigande rekkefølge** etter storleik.



Her står husa i **minkande rekkefølge** etter storleik.

Teikn fire raude linjestykke i minkande rekkefølge etter lengda.  
Teikn fire blå linjestykke i stigande rekkefølge etter lengda.

Sjå på dei to fata. Kva er likt og kva er ulikt?




Kor mange appelsinar er det på fatet som apekatten held i den venstre handa si? Kor mange bananer er det? Kor mange frukter er det til saman?

Kor mange appelsinar er det på fatet som apekatten held i den venstre handa si? Kor mange bananar er det? Kor mange frukter er det til saman?

Kva kan vi gjere for at dei to fruktfata skal bli like?

137


Kor mange bamsar er det i den øvste rada? Kor mange er det i den nedste? Kor mange færre lyse bamsar er det enn mørke?



- Sorter dei lyse bamsane i stigande rekkefølge etter storleik – skriv ned nummera.
- Sorter dei mørke bamsane i minkande rekkefølge etter storleik – skriv ned nummera.

138

Lag tre forskjellige figurar av tetromino-brikkene nedanfor. Fargelegg kvar del av dei samansette figurane med riktige farger.



139

Skriv ned tre tal:

- det første for antalet sjokoladar på det venstre fatet
- det andre for antalet sjokoladar på fatet i midten
- det tredje for antalet sjokoladar på fatet lengst til høgre


Du har skrive ei følgje som består av tre tal. Korleis er tala skrivne – i stigande rekkefølge eller i minkande rekkefølge?

Skriv tala i motsett rekkefølge.

- Bruk tala til å skrive tre ulikskapar der du brukar teiknet «større enn» ( $>$ ).

- Kor mange fleire sjokoladar er det på det andre fatet enn på det første?


**Det er \_\_\_ fleire.**

- Kor mange fleire sjokoladar er det på det tredje fatet enn på det andre?

**Det er \_\_\_ fleire.**

140


Fortset mønsteret.



- Legg til noko slik at det blir eit nytt mønster.

Studer teikninga under. Samanlikn antalet tulipanar som har opna seg med antalet tulipanar som ikkje har opna seg. Lag ein likskap eller ein ulikskap som startar med antalet tulipanar som har opna seg.

--	--	--



- Samanlikn antalet tulipanar på kvar side av den raude tulipanen. Lag ein likskap eller ein ulikskap som startar med antalet tulipanar som er på venstre side av den raude tulipanen.
- Skriv ned tre tal: antalet raude tulipanar, antalet gule tulipanar og til slutt antalet rosa tulipanar.

--	--	--

I kva for ei rekkefølge står tala?

Lag tre ulikskapar med desse tala der du brukar teiknet «mindre enn» (<).

--	--	--	--	--	--	--	--	--

Kor mange færre raude tulipanar er det enn gule?

**Det er \_\_\_ færre.**

Kor mange færre gule tulipanar er det enn rosa?



**Det er \_\_\_ færre.**

142

Skriv ned nummera etter kor sterkt tinga lyser.








Kom med eit anna forslag til rekkefølge.






143


Korleis må det neste huset i rekkja sjå ut?




Teikn dei tre neste husa.

144

Fortset mønsteret. Samanlikn antalet linjestykke oppe og nede.



Kor mange kattungar er det i kvar korg?



Skriv tala i stigande rekkefølge.

Skriv tala i minkande rekkefølge.

